

Haustetilirådingar per 20. sept 2011 (etter prøveuttaking 19.sept)

Landbruksrådgjevinga har teke ut prøvar og analysert for nokre av dei halvseine/seine sortane frå ulike stader på nord- og sørsida av Sognefjorden.

Me kjem i år som sagt til å ta ut færre prøvar, og meir konsentrert i Sognefrukt sitt område, slik at kvar og ein elles lyt relatera eigen hage til kvar på skalaen ein ligg i høve til dette og kontrollera eiga frukt litt sjølv. Dette også av praktiske grunnar. Pærer er tona ned litt i år ettersom pæreprosjektet er avslutta, men me har denne gongen teke eit par prøvar av seine sortar for å sjå korleis stoda er.

Me plukkar ut 1-3 hagar per sort ut i frå erfaring med kva som er tidleg, middels og seine områder. Hagane er plukka ut i samråd med Sognefrukt. Grunna at me tidlegare har sett store sprik mellom dei ulike hagar (og også internt i hagane!) så har me denne gongen teke ut nokre fleire prøvar i Raud Gravenstein og Raud Aroma for sikrare resultat.

Prøvar vil framover bli samla inn på tysdagar og analysert ferdig på onsdag, dermed vonar me å koma ut med tilrådingar 1-2 dagar tidlegare enn i høve til i fjor.

Det vil også bli arrangert ein fagdag på Sognefrukt der ein får litt opplæring i måling av eiga frukt og kan kjøpa naudsynt utstyr. Innkalling til denne blir sent separat. Om nokon ynskjer gardsbesøk med hjelp til måling/opplæring så ta kontakt med oss i Landbruksrådgjevinga.

Tips! Liste over tilrådde refraktometerverdiar og fastleik for dei ulike sortar er lagt ut på Sognefrukt sine heimesider. Her ligg også bruksanvisning for korleis ein går fram ved målingane. Ferdig utblanda jod kan medlemmar i NLR få gratis ved henvending til Landbruksrådgjevinga på Njøs. Landbruksrådgjevinga sel også hefter med bilete av rettleiande stive- og streifverdiar til kr 100.

Ver merksam på at frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer. Det er tilrådd at frukta vert hausta i fleire omgongar for å få maksimal kvalitet. Grunnfargen MÅ vera på plass før hausting, og ein god indikasjon er også om frukta smakar godt!

Gartnerhallen/Bama poengterar også at frukta ser ut til å modna raskare i år enn normalt (sjå tidlegare eiga melding), så det er sær viktig å hausta til rett tid! Det er no også rom for meir frukt i marknaden.

Discovery

Me har ikkje teke ut prøvar i denne sorten denne gongen avdi alle no bør ha hausta eller vera i full gong med hausting på seine stader!!!

NB! Ver oppmerksom på små, usmakelege, grøn-grå farga epler som kan vera teikn på Heksekost. Dette er ein sjukdom som det er meldeplikt for, så merk trea med plastband e.l. og ta kontakt med Mattilsynet eller oss i Landbruksrådgjevinga. Pålagt uttak av tre gjev rett til erstatning. Mattilsynet er kringom i desse dagar og kontrollerer felt v/ Trine Helland; tlf nr: 97 16 09 48.

Raud Prins/Kronprins

Ingen prøvar er teke denne gongen, då denne sorten alt bør vera hausta og/eller i ferd med å bli hausta på seine stader.

Clara Frijs

Ingen prøvar er teke denne gongen, av same grunn som for Discovery og Prins.

Summerred

Det er teke ut prøvar både på Slinde, Fardal og i Sogndal. Utorhausting bør starta umiddelbart på tidlege og middels tidlege stader. Full hausting på desse stadene og uorhausting på seinare stader, over helga! Pass på at grunnfargen er til stades. Det er svært viktig å få epla på lager/kjøling så raskt som mulig, så frukta ser ut til å mjukna svært raskt i år.

Raud Gravenstein

Me har teke ut prøvar att frå Slinde, Ylvisåker og i Sogndal, også med eit par prøvar ekstra m.a. på Leikanger sidan utviklinga ser ut til å gå svært raskt for denne sorten i år. Sorten varierer veldig mellom hagane i år, så ein må gjera eigne målingar sjølv før hausting. På tidlege stader og på unge tre, kan det vera aktuelt med utorplukking alt i slutten av denne veka. Det er viktig at grunnfargen er på plass! Me gjer målingar att neste tysdag for seinare hagar og/eller sterke grunnstammer. Ver også obs på at epla heng laust.

Moltke

Me har teke prøvar i ein hage på Slinde og på Hermansverk. Pæra er byrja å få "hysefleck" (gul flekk), som er eit gammalt merke for rett haustetid. Haustinga må ta til på tidlege stader,

for sjølv om sukkerinnhaldet ikkje er av det høgaste er stiven i ferd med å bli nedbroten. Det vert teken ein ny prøve for seinare stader att på neste tysdag. Om du har både Molte og Philip, så prioriter å få av Moltken først.

Philip

Det er teke prøve frå to hagar på Slinde og Nornes. På tidlege stader er pærene hausteklare. Modning og utvikling går svært raskt i år, så ver også ops og ta evt. jodtest i seinare hagar. Det blir truleg teke ut ein prøve for ein sein hage på komande tysdag.

Raud Aroma/Aroma

Grunna at analysane i epler syner store sprik hagane i mellom i år, har me denne gongen tek ut heile 5 prøvar: både frå Leikanger, Slinde, Sogndal, Feios og Vangsnes. Sjølv om epla har fått fin raudfarge og veks raskt, så manglar grunnfargen enno litt i alle hagar. Ver merksam på at at epler på unge tre/svake grunnstammer modnar først. Nye prøvar vil bli teke att på neste tysdag. Haust evt. kun utor på tidlegaste stadene før den tid, eller vent til nye resultat.

Det vil bli teke ut prøvar att frå dei seinaste sortane/stadene på tysdag 27.sept.

Mvh

Norsk Landbruksgiving Sogn og Fjordane

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Olav Sørum; 97145058